

# Grønn Ny Deal må rullast ut no!

SV sentralt, herunder fagleg utval og miljøpolitisk utval, arbeider med å meisla ut ei plan for det grøne skiftet. Dette vert ei nærmest altomfattande plan som vil forme liva til kvar og ein av oss no og i framtida. Slik må det vere. Eit berekraftig samfunn utan justering i forbruksmønster, økonomi, næringsliv og rett fordeling av goda er utenkjeleg.

Ein føresetnad for å ha ei leiande rolle i det grøne skiftet er å vinne oppslutning om SV sin politikk. Om vi ikkje no kjem i gang på ein samordna måte, overlet vi samfunnsutviklinga til ei regjering heilt utan truverdigheit, og ein fragmentert miljøbevegelse utan styringsfart.

Vi ber SV vurdere følgjande punkter:

- å lage ein rettleiar som skal brukast i alle regionar og kommunar.
- å fokusere på ny løysing av tungtransport.
- å fokusere på utvikling av utslippsfri løysing av luftrtransport.
- å skaffe til veie informasjon om kljmagassproblematikken i landbruket.

Vi kan ikkje vente til alle detaljar er ferdig formulerte og tilpassa valkampen. Grønt skifte må rullast ut no!